



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 16.02.2017

Vår ref.: 2017/1536-1

Saksbehandlar: elsaaro1

Dykkar ref.:

Tord Moltumyr

Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane

Syner til tidlegare informasjon pr. e-post frå 21.10. 2016 om at tilskotsordninga knytt til folkehelsemidlar til kommunane i Hordaland er under evaluering. Vi har den glede å melde at fylkesutvalet i Hordaland samrøystes vedtok forlenging av tilskot til folkehelsearbeid for 2017, og for åra 2018-19 under føresetnad av årlege budsjettløyve. Ordninga i dag med tilskot til kommunane etter folketal er vidareført, men med ei lita nedjustering av satsane for alle kommunar unntake Bergen kommune, som har fått auka ramme (sjå vedtak frå fylkesutvalet under). Til fordeling i 2017 er det sett av totalt kr 3 200 000,- til eit systematisk, tverrsektorielt og langsiktig folkehelsearbeid i kommunane i Hordaland.

Vurderinga om vidareføring av ordninga byggjer på tilbakemeldingar frå kommunane. Dette gjennom evalueringa frå november 2016 om regionale tilskot til det lokale folkehelsearbeidet. Vi er svært takksame for at heile 30 kommunar kom med tilbakemelding gjennom evalueringa, og med det viktige bidrag til utvikling av ordninga. Hordaland fylkeskommune har også bygd vurderinga om vidareføring av tilskot på Riksrevisjonen sin statusrapport om det offentlege folkehelsearbeidet frå 2015. Denne slår fast at det framleis er trond for å styrke det systematiske, tverrsektorielle og kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet i norske kommunar. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at vidare økonomisk tilskot til det breie folkehelsearbeidet i kommunane er eit godt bidrag til vidare satsing på folkehelsearbeid i vårt fylke.

Kommunereforma og den nye regionreforma vil få betydning for innretninga av folkehelsearbeidet i Hordaland. Økonomisk støtte i noverande form til folkehelsearbeidet i kommunane gjeld derfor ei avgrensa periode. Bruk av tilskotsmidlar til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vil bli avvikla ved innføring av kommunereforma. Vurderinga her er at det er eit kommunalt ansvar å sikre tenleg organisering og finansiering av det lokale folkehelsearbeidet.

Tilskotsmidlane skal utbetalast årleg etter søknad. Målgruppa er alle kommunane i Hordaland. Hordaland fylkeskommune har offentleggjort tilskotsordninga den 24.02.2017. Her er vilkåra knytt til bruk av midlane i 2017 også kunngjort.

<http://www.hordaland.no/Tilskot-Folkehelsearbeid>

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune er Else-Marie Brobakke Aarø, else-marie.aaro@hfk.no, mob. 924 797 90 og Anne Mette Nesje Porten, anne.mette.nesje.porten@hfk.no, mob. 996 425 77.

Arthur K. Arnesen
kons. næringssjef

Else-Marie Brobakke Aarø
seniorrådgjevar

Vedlegg:

- 1) Utdrag frå saksprotokoll fylkesutvalet PS 20/2017 den 26.01.2017.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Utdrag frå vedtak etter saksprotokoll fylkesutvalet PS 20/2017 den 26.01.2017.

1. *Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkel for åra 2017-2019. Det vert teke slikt atterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamslåingar og b) nye føringar i samband med innføring av regionreforma.*
2. *Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.*
3. *Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom kr 5.000 og kr 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250 000 i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.*

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=562>